



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 102/16

Møtedato: 25.08.2016

Dato: 15.08.2016

Arkivsaksnr: 2015/10827

Samarbeidsavtale mellom Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda

Saken gjelder:

Etter initiativ fra Universitetet i Bergen har det det siste året vært dialog på rektor og dekannivå mellom med Høgskulen i Volda om styrking av institusjonenes faglige samarbeid. Dialogen har munnet ut i et utkast til samarbeidsavtale som legges fram for styret til orientering. Saken ble behandlet av styret ved Høgskulen i Volda 10. juni 2016.

Gjennom avtalen vil Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda inngå et langsiktig institusjonelt samarbeid for å styrke forskning og utdanning i humanistiske, samfunnsvitenskapelige og pedagogikk/utdanningsvitenskapelige fag på områder som er strategiske viktige for begge institusjoner og som passer godt inn i UiBs faglige profil. Avtalen vil forsterke samarbeid på utpekte områder, eksempelvis mediefag, nordisk språk og litteratur og lærer og lektorutdanning. Målet med samarbeidsavtalen er å oppnå høyere kvalitet på forskning og utdanning, sikre god tilgang til utdanning av høy kvalitet og å bevare og styrke en effektiv, mangfoldig og solid utdanningssektor og forskningssystem gjennom en faglig samarbeidsavtale mellom to selvstendige institusjoner.

Samarbeidet vil omfatte samarbeid om toppstillinger, forskerutdanning, felles forskergrupper og nasjonalt og internasjonalt prosjektsamarbeid.

Det tas sikte på at avtalen inngås med virkning fra 1.september 2016. Avtalen skal evalueres våren 2019 med forventning om forlengelse og utvidelse for perioden 2019-2022.

vedtak:

Universitetsstyret tar saken til orientering

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

15.08.2016/Arne R. Ramslien

Vedlegg:

1. Utkast til samarbeidsavtale mellom Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda

UTKAST per 16.8.2016: Samarbeidsavtale mellom Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda.

1. Mål for samarbeidsavtalen

Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda vil med dette inngå ein fagleg samarbeidsavtale for å styrke begge institusjonane på område som er strategisk viktige for begge institusjonane.

Målet med samarbeidsavtalen er å oppnå høgare kvalitet på forskning og utdanning, sikre god tilgang til utdanning av høg kvalitet og å bevare og styrke ein effektiv, mangfaldig og solid utdanningssektor og forskingssystem gjennom ein fagleg samarbeidsavtale mellom to sjølvstendige institusjonar.

2. Ramme for avtalen

Dette ein samarbeidsavtale om fagleg utvikling mellom Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda.

Avtalen blir inngått mellom rektorane som faglege leiarar på dei to institusjonane. Avtalen blir lagt fram for styra ved dei to institusjonane til orientering.

Avtalen gjeld i tre år frå 1. september 2016.

Avtalen blir evaluert med sikte på forlenging og utviding våren 2019.

Begge partane forventar at avtalen blir forlenga til åra 2019-2022.

Begge partar kan i avtaleperioden seie opp avtalen med eitt års varsel.

Begge institusjonane forpliktar seg til å gjennomføre samarbeidsavtalen ved å ansvarleggjere fagmiljøa, konkretisere samarbeidet i relevante planar, budsjett og i faglege prioriteringar.

3. Andre samarbeid

Denne samarbeidsavtalen skal ikkje kome i staden for etablerte faglege samarbeid, men forsterke andre samarbeid på dei utpeika områda.

Der det er naturleg vil dei to institusjonane inkludere kvarandre i andre relevante samarbeidstiltak som til dømes EU-nettverk, prosjektsøknader/prosjektarbeid og andre faglege nettverk.

Innanfor UH Nett Vest samarbeider Universitetet i Bergen og Høgskulen i Volda med dei andre høgskulane og universiteta på Vestlandet. UiB og HVO har ambisjonar om å få til eit tettare samarbeid enn samarbeidet gjennom UH Nett Vest.

4. Faglege einingar omfatta av avtalen

Alle avdelingar ved Høgskulen i Volda er omfatta av samarbeidsavtalen.

Høgskulen i Volda har fire avdelingar som vert leia av ein tilsett dekan som har det faglege og administrative ansvaret for si avdeling:

- Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL). Dekan for AHL har ansvaret for samordning av lærarutdanning på tvers av avdelingane.
- Avdeling for samfunnsfag og historie (AHL).
- Avdeling for kulturfag (AKF).
- Avdeling for mediefag (AMF).

Alle fakultet ved Universitetet i Bergen kan bli omfatta av samarbeidsavtalen.

I utgangspunktet omfattar avtalen humanistisk fakultet (HF), samfunnsvitskapleg fakultet (SV) og psykologisk fakultet ved Universitetet i Bergen.

5. Samarbeidsmåtar

Samarbeidet skal vere fagleg basert og må difor ta utgangspunkt i å forsterke og vidareutvikle fagfolkas interesse for samarbeid på tvers av institusjonane.

a) Samarbeid gjennom toppstillingar

Samarbeidsavtalen vil legge til rette for at fagfolk, særleg toppkompetente, skal kunne få bidra best mogleg på begge institusjonane.

Dei utvalde samarbeidsområde bør ha ein eller fleire personar som kan fungere som tydelege brubyggjarar mellom fagmiljøa, gjerne i form av ei professor II – stilling. Ein typisk modell vil vere at professorar ved Universitetet i Bergen blir kalla til professor II ved Høgskulen i Volda. Det motsette vil naturlegvis også vere ønskjeleg.

Det vil også vere ønskjeleg om hovudarbeidsgjevar er fleksibel om fagfolk i professor II stillingar ønskjer å auke engasjementet utover dei 20 prosent som er vanleg. Til dømes gjennom 50/50 deling av stillingar.

Fagmiljøa held kvarandre orientert om eventuelle gjesteforskarar og andre som kan vere ein felles ressurs for fagmiljøa på begge stader, som til dømes internasjonale gjester, seminar osv.

b) Forskarutdanning

Fagmiljøa tek sikte på å utvikle forskarutdanningar der det er fagleg grunnlag for det innanfor dei utvalde fagområda. Dette er særleg interessant der institusjonane i fellesskap kan ta ei nasjonal eller internasjonal leirolle. Det er naturleg at fagtilsette i delte toppstillingar har eit særleg ansvar for forskarutdanning på tvers av institusjonane. Høgskulen i Volda vil prioritere forskarutdanning ved Universitetet i Bergen på fagområde der høgskulen ikkje har eiga forskarutdanning. Det bør vere minst ei stipendiatstilling på kvart av dei utvalde fagområda som har tilknytning til begge institusjonane, til dømes i form av tilsettingsforhold ved Høgskulen i Volda og opptak på ph.d.-studium ved Universitetet i Bergen.

c) Felles forskargrupper

Fagmiljøa tek sikte på å utvikle felles forskargrupper der det er fagleg grunnlag for det. Det vil skje gjennom kontakt mellom lokale forskargrupper ved dei to institusjonane. Det kan også vere aktuelt å invitere einskildpersonar ved ein institusjon til forskargrupper ved den andre institusjonen, særleg om det ikkje er aktive forskargrupper på det aktuelle fagområdet ved eigen institusjon.

d) Prosjektsamarbeid, nasjonalt og internasjonalt

Fagmiljøa tek sikte på å utvikle prosjektsamarbeid når det er fagleg grunnlag for det i høve til aktuelle satsingsområde og utlysingar. Dette vil skje gjennom kontakt mellom lokale forskargrupper ved dei to institusjonane. Administrativ forskingsstøtte, til dømes inn mot EU, vil også vere omfatta av avtalen.

6. Utvalde fagområde

Avtalen vil legge til rette for samarbeid på desse fagområda med aktuelle fagmiljø:

Fagmiljø	UiB	HVO
Mediefag	SV-fakultetet, Institutt for media og informasjonsvitskap	Avdeling for mediefag
Nordisk språk og litteratur	HF-fakultetet	Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, institutt for språk og litteratur
Lærer og lektorutdanning	(Fleire einingar)	Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning
Andre HF-fag	HF-fakultetet	Avdeling for samfunnsfag og historie, Historisk institutt
EVU og fjernundervisning	(Fleire einingar)	(Fleire einingar)
Kunstfag	KHIB-Fakultetet	Avdeling for kulturfag

Sosialfag	(Fleire einingar)	Avdeling for samfunnsfag og historie, institutt for sosialfag
Pedagogikk og utdanningsvitskap	Det psykologiske fakultet, Institutt for pedagogikk	Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

For kvart av fagområda peikar dei to institusjonane ut kvar sin koordinator. Det er ønskjeleg at tilsette i professor II engasjement på tvers av institusjonane fungerer som leiar for felles forskargrupper.

Det konkrete samarbeidet på dei aktuelle fagområda blir skissert i særskilte vedlegg som skal konkretisere denne avtalen. Ansvar for å vidareutvikle samarbeidstiltaka på fagområda kviler på dei relevante fagmiljøa.

Det vil vere naturleg å utvide samarbeidet til andre fagområda når samarbeidsavtalen skal evaluerast, men det bør ikkje vere til hinder for å starte samarbeid i tråd med avtalen på andre fagområde før den tid, om det ligg til rette for det.

Vedlegg 1: Samarbeid på utvalde fagområde. Status pr 13. juni 2016.

Dette er eit vedlegg til samarbeidsavtalen og er meint som instruktive døme på konkretisering av aktuelle samarbeidsprosjekt på dei utvalde fagområda i avtalen på det tidspunktet avtalen vart inngått. Fagmiljøa står fritt til å utvikle desse eller andre former for samarbeid, så lenge det skjer på bakgrunn av dei overordna føringane i samarbeidsavtalen.

A) Mal for beskrivelse av samarbeid

- Beskrivelse av fagmiljø, utdanningar og forskingsgrupper på det aktuelle fagområdet.
- Strategisk forankring av samarbeidsavtalen.
- Koordinatorar (UiB og HVO).
- Aktuelle samarbeid (jf punkt 5 i avtalen):
 - Toppstillingar
 - Forskarutdanning
 - Forskargrupper
 - Prosjektsamarbeid
 - Eventuelle andre punkt

B) Mediefag

Fagmiljøa i mediefag ved Høgskulen i Volda er tilknytt Avdeling for mediefag og Avdeling for kulturfag og omfattar ca 40 fagtilsette og ca 300-400 studentar til saman på dei dei to avdelingane. Det er over 50 prosent førstekompetanse i fagmiljøa og 6 professorar/dosentar.

Avdeling for mediefag har drøfta intensjonsnotatet både på dekannivå, i allmøte og i avdelingsråd. Fagmiljøet stiller seg positiv til eit samarbeid der målsettinga er å vedlikehalde og styrke fagleg kvalitet og heve kompetansen på avdelinga. Avdeling for kulturfag har samanfallande synspunkt med Avdeling for mediefag.

Aktuelle samarbeidsprosjekt:

- Utdanningssamarbeid i praktiske mediefag
- Utdanningssamarbeid om PhD-tilbod
- Etablering av forskingsgruppe i mediefag

UH Nett Vest: Forskingsgruppe i IKT og media

	UiB	HVO
Fakultet	SV-fakultetet	Avdeling for mediefag
Eining	Institutt for informasjons- og medievitenskap	Avdeling for mediefag (AMF) /Avdeling for kulturfag (AKF)
Rolle	Instituttleiar	Dekan, AMF

Ansvarleg	Leif Ove Larsen	Kristian Fuglseth (konst dek fram til ca 1.9.2016) Audhild G. Rotevatn (frå ca 1.9.2016)
Forsking (medlemmer frå UiB/HVO)	Lars Nyre, Bjørnar Tessem, Frode Guribye, Jill Walker Rettberg, Erik Stavelin, Astrid Gynnild, Solveig Bjørnstad	Ana Sanchez Laws (AKF), (nestleiar), Ivar John Erdal, Torbjørn Frantsen, Jørgen W. Lyngvær, Kjetil V. Øie

C) Nordisk språk og litteratur

UiB og HVO og Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning har dei siste to åra samarbeidd for at UiB skal ta over den nasjonale forskings- og forvaltningsoppgåva å ta vare på dei nasjonale språksamlingane.

HVO vil utgreie moglegheiter og vilkår for ta på seg ansvaret for å drifte Norsk Ordbok, i tett samarbeid med UiB, Nynorsk kultursentrum og andre aktørar. HVO og Ivar Aasen-instituttet for språk og litteratur har eit sterkt fagmiljø innanfor språk og litteratur, med ein tydeleg nynorsk profil. Instituttet finn det derfor svært interessant å diskutere eit nærare samarbeid med UiB, både når det gjeld Språksamlingane og Norsk Ordbok og når det gjeld anna fagleg samarbeid innan utdanning og forskning.

Det lyt presiserast at HVO og instituttet per i dag ikkje har spisskompetanse innanfor fagområdet leksikografi, og at institusjonen såleis føreset at det blir tilført midlar knytt til eventuell drift av Norsk Ordbok.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Vidareføring av dei nasjonale språksamlingane.
- Etablering av felles forskingsgruppe knytt til språksamlingane.
- Vidareutvikling av Norsk ordbok.
- Styrke nynorskforsking innanfor ramma av UH Nett Vest

UH Nett Vest: Forskingsgruppe i nynorskforsking.

	UiB	HVO
Fakultet	HF-fakultetet	Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning (AHL)
Eining		Institutt for språk og litteratur
Rolle		Dekan, AHL

Ansvarleg		Arne Myklebust
Forskning	Johan Myking	Tor Arne Haugen Stig Helset
Utdanning		
Aktuelle samarbeidsprosjekt		Språksamlingane, Norsk Ordbok,

D) Lærer- og lektorutdanning

For Høgskulen i Volda er det kritisk å etablere femårig grunnskulelærerutdanning av god kvalitet. Dette er eit langsiktig og krevjande arbeid der det er nødvendig å ha høge ambisjonar for å heve kvaliteten på lærarutdanning. Dette er difor eit prosjekt som passar godt inn i samarbeidsavtalen mellom dei to institusjonane.

Høgskulen i Volda arbeider hausten 2016 for oppnå akkreditering av dei nye lærarutdanningane – noko som må skje innan januar 2017. Den mest kritiske komponenten for alle høgskular som skal tilby grunnskulelærerutdanning er tilgang på relevant og høg fagdidaktisk kompetanse på utvalde område. Dette er ei nasjonal utfordring.

For Høgskulen i Volda gjeld dette særleg følgjande fagområde:

- Norsk
- Engelsk
- Matematikk
- Samfunnsfag
- Pedagogikk

Universitetet i Bergen vil legge til rette for at Høgskulen i Volda får tilgang til nødvendig kompetanse gjennom å legge til rette for professor II-ordningar, eventuelt deling av stillingar eller felles rekruttering av toppkompetanse.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Utvikling av forskingsprosjekt i fagdidaktikk og rettleiing særleg retta inn mot den nye femårige grunnskulelærerutdanninga.
- Deling av toppstillingar i didaktikk i sentrale skulefag (Norsk, engelsk, matematikk og samfunnsfag).
- Samarbeid om undervisning, sensur og praksis knytt til praktisk pedagogisk utdanning

E) Andre HF-fag

Historie og religionsvitenskap er særleg aktuelle samarbeidsmiljø. Dei to institutta nemnde ovanfor samarbeider om mastergradsstudiet i Kulturmøte.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Styrke forskingssamarbeidet og undervisning på master i kulturmøte når det gjeld emne som transregional og transnasjonal historie, misjonshistorie og migrasjonshistorie, midtøstenhistorie, islam og arabiske forhold.
- Religion i regionen – religion, migrasjon, lokalsamfunn og arbeidsliv.

F) EVU og fjernundervisning

Høgskulen i Volda har dei siste 15 åra bygd opp ei rekkje fleksible studietilbod (nettstudium). Dette gjeld til dømes engelsk, samfunnsfag, historie, matematikk, norsk og religion. I 2015 starta høgskulen sine to første MOOC-tilbod. Vi har eit eige kontor for e-læring som gjev teknisk støtte til fagmiljøa i utvikling og gjennomføring av fleksible studium.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Kopling av dei to institusjonane sine fagmiljø vil kunne skape nye utviklingsmuligheiter på feltet.

G) Kunstfag og musikk

Gjennom Griegakademiet og Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, er det alt etablert eit godt samarbeid om forskning og PhD-arbeid.

Når UIB får eit fakultet for kunstneriske fag, vil dette kunne vere interessant for større delar av fagmiljøet i Volda.

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Utvikling av fellesgrader.

H) Sosialfag

Høgskulen i Volda tilbyr grunnutdanningar (bachelorutdanningar) i sosialt arbeid (sosionomutdanning) og utdanning som barnvernspeagog. Vidare tilbyr høgskulen mastergrad i helse- og sosialfag (Meistring og myndiggjering) og doktorgrad i helse- og sosialfag i samarbeid med Høgskolen i Molde: «Vilkår for profesjonsutøving».

Aktuelle samarbeidstiltak:

- Felles doktorgradskurs

Vedlegg 2:

Forsknings- og undervisningsgrupper i samfunnsfag, humaniora og lærerutdanning i UH Nett Vest.

Samarbeid	Forskningsgrupper:	Undervisningsgrupper:
Innanfor UiB/HVO-avtale (2016-2019)	IKT og media Nynorskforskning Pedagogikk, fagdidaktikk og leing Musikk	Grunnskulelærerutdanning Digitalt samarbeid
Ikkje prioritert (2016-2019)	Sosialfag Helse- og sosialfag	Barnehagelærerutdanning Tverrprofesjonell samarbeidslæring (TPS) (helse- og sosialfag) PPU
Utanfor HVOs fagportefølje	TeknoVest	